

# KULTURBLIKK



**«Mange av dei som var imot bevaring av Bøndernes hus, var det fordi dei syntes det var så stygt der det stod.»**

**Vigdis Vingelsgaard,  
leiar av interimstyret for Bøndernes Hus i Løten**

FOTO: MARIANN TVETE

Side 18

Kulturarv · Folket berget Bøndsen i Løten 18

Litteratur · Bokhylllest til Ragnar Hovland 20

Festival · Verden møtes på Førdefestivalen 22

Det er liv og aktivitet bak **nyrestaurerte** glas i Bøndernes hus i Løten. Dystre spådomar om at bergingsaksjonen var bortkasta, er grundig gjort til skamme.

# No skin sola på Bøndernes hus

**LØTEN.** For fem år sidan vart det desperat rulla kroner for å berge Bøndernes hus, i daglegtale gjerne kalla Bøndsens. Den gamle feststova var strippa og klar til riving då venene samla troppane. Eldsjelene vann og gravemaskinane måtte snu.

I siste liten fekk lutlaget Bøndernes hus BA samla ein million i eigenkapital og laga ein driftsplan kommunen fann realistisk. Det var føresetnaden som huseigar og tomteeigar Løten kommune stilte for å gje frå seg bøndernes gamle festsal.

## Steg for steg

Då huset vel var berga, starta arbeidet. Først drenering. Det stod vatn i kjellaren, svært lite heldig for huset som var det første i Løten med sentralfyring. Men høgt på prioriteringslista stod også å måle huset utvendig.

– Mange av dei som var imot bevaring av Bøndernes hus, var det fordi dei syntes det var så stygt der det stod, og ikkje forsvarte den sentrale plassen i sentrum, seier Vigdis Vingelsgaard, som leidde interimstyret då det arbeidde som travlast.

Den originale farga på huset vart henta fram: perlegrå, som viser seg å stå perfekt til målinga på omsorgbustadene på nabotomta.

I si tid vart huset bygd av bønderne for å demme opp for trafikken til samlingshuset til Arbeidersamfunnet, og til kommunistane sin møtestad på Skjold.

Men nostalgiske dugnadsarbeidarar snakka mest om danse-

festane som i eit par generasjonar vart arrangert på huset.

Bøndsens-venene er viss på at haldninga til huset vart meir positiv då det vart sjåande ordentleg ut. Og det er viktig, framtidig liv er basert på at folk skal like huset.

## På grensa

For alle er einige om at huset var eit trist syn der det stod. Målinga flassa og det var knuste ruter i glasa. Den ekstra luftinga kunne ikkje skjule at katter hadde vore på besøk.

Millionen som lutlaget skaffa gav grunnlaget for meir pengar. Mykje av dei kom fordi Bøndernes hus skulle først attende til den stilen huset hadde då det vart bygd. Dåverande kommunalminister Åslog Haga løyvde ein million i bulystmiddel til prosjektet. Frå Norsk kulturminnefond fekk dei 200.000 kroner for å sette i stand vindauga. Kommunen bidrog til å sette i stand den vesle festsalen, og den lokale banken har generelt sett vore lett å ha med å gjere.

Basen i det nye livet til Bøndernes hus er ei drift som ber seg. I eine enden av huset har Løten frivilligsentral fast tilhald. I eit av kontora i andre høgda held Rotary til, i eit anna kulturarvbedriften Diesen Kolonial.

– Eg hadde aldri etablert meg i Løten om det ikkje hadde vore for Bøndernes hus. Historia, kvaliteten til bygninga og det at ho er sett i stand etter antikvariske prinsipp, var heilt avgjerande for valet, seier Sjur Harby i Diesen Kolonial, der han nyt vårlyset i hjørnekontoret.

## Dekt til

Over gangen er den store festsalen. Her kan det dekkjast til 200 personar. Heile bakveggen er eit måleri av kunstnaren Paul Lillo-Stenberg. Tidsrett frå byggeåra dansar ungdom i nasjonaldrakt til musikk frå ein felespelar.

Men på eit tidspunkt i historia vart spelemannen riven laus frå veggen, for å gje plass til ei breiare dør, og måleriet vart dekt av panel. Då rivingsarbeidet så smått var starta, dukka biletet opp att og vart eit argument til mot riving. No er døra nede på rett storleik,



## Fakta

### Bøndernes hus

- \* **Teikna av arkitekten** Finn Poppe, bygd og innvigd i 1935.
- \* **Bygd av bønderne** som motpol til Arbeidersamfunnet og kommunistane sitt samlingshus Skjold.
- \* **Kosta 70.000 kroner** å byggje, mykje av arbeidet blei gjort på dugnad.
- \* **Mykje brukt forsamlingshus** og festlokale fram til midten av 1980-talet.
- \* **Så seld til** riving for at tomta skulle brukast til næringsverksemd.
- \* **Det vart ikkje** noko av, og huset vart ståande, litt brukt, men i forfall.
- \* **I 2005 vedtok** eit samrøystes kommunestyre riving.
- \* **Då starta kampen** for å berge huset.

og spelemannen på plass i eit nyrestaurert veggmåleri.

Arbeidet for Bøndernes hus er ikkje over. Sjølv om mange av dei største rehabiliteringsløfta er unnagjort, er det framleis meir å gjere, og det er lagt opp til at drift av huset skal skaffe pengar til å ta vare på det, fortel Vingelsgaard, som tenkjer engasjere seg i drifta framover.

Dugndasinnsatsen har gitt nye historier. På det det nybygde kjøkkenet står Gina Sigstad og passar på at dei som har leigd den lille salen har nok kaffi. Ho var også engasjert i oppussinga.

– Eg ville at Bøndernes Hus skulle bevarast, dette er mitt bidrag, seier Sigstad.

Ved det eine kafébordet sit Britt Vogt Solberg og samlar tekstar til forteljarkvelden som skal arrangerast på huset. Ho melde seg først som frivillig til å koke kaffi til dugnadsfolket, men vart raskt sett til å måle. Det var heilt greitt, og no er det andre oppgaver som står for tur.

JANNE GRETE ASPEN  
janne.aspen@nationen.no



Nytt liv: I Bøndernes hus i Løten er det igjen liv i glasa. Fra venstre: leigetakar Sjur



Synfaring: I 2007 var Elisabeth Seip frå fylkesmannen i Hedmark på synfaring. Under klargjering for riving blei måleriet i festsalen avdekket. FOTO: MARIANN TVETE



## KONTORPLASS

«Eg hadde aldri etablert meg i Løten om det ikkje hadde vore for Bøndernes Hus.»

SJUR HARBY, KULTURHISTORIKAR OG LEIGETAKAR I BØNDERNES HUS



**Harby, dugnadsarbeidar Gina Sigstad, dugnadsarbeidar og styrerepresentant Britt Vogt Solberg og Vigdis Vingelsgaard, som var leiar i interimstyret då det storma som verst.** FOTO: JANNE GRETE ASPEN



**Berga: Veggmåleriet er blitt restaurert. Vigdis Vingelsgaard viser kvar det var mest øydelagt. Stykket med spelemannen var broten laus.**

FOTO: JANNE GRETE ASPEN



**Trong måling: Slik såg det ut i april for fire år sidan. Frå venstre Calle Thorsen i byggjekomiteen, Per Espen Granum i Vindusrehabilitering og leigetakar Sjur Harby.** FOTO: MARIANN TVETE